

Saksprotokoll

Utval: Økonomiutvalet
Møtedato: 11.06.2018
Arkivsak: 18/1743

Sak: 1/18

SAKSPROTOKOLL - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - BUDSJETTSEMINAR

Omforent oppsummering og bestilling frå økonomiutvalet til rådmannen fram til oktober 2018:

1. Synleggjera langsiktige behov
 - Demografi
 - Statlege satsingar
 - Andre utfordringar
2. Vise realistiske innsparingsmuligheiter
 - Mulig inntektsauke
 - Effektiviseringar
 - Reduserte lovpålagte tenester
 - Strukturelle grep
3. Realistisk budsjettering og framdriftsplan på investeringar inkl oppdaterte kalkylar på tidlegare vedtekne investeringar.
4. Syne alternativ saldering innan ramma av kommuneplanen sin økonomiske målsetjing
 - Fastsetjing av rammene
 - Basert på vedtekne rammes for 2018
 - Justert for løns og prisvekst
 - Reduserast med 0,5 % årleg i brutto ramme
 - Rådmannen får fullmakt til å justere rammene i samsvar med administrative endringar

Økonomiutvalet ønskjer følgjande orienteringar/utgreiningar:

1. Orientering om kommunen sin kapasitet og evne til å gjennomføre dei planlagde byggjeprojekta. Og ein oversikt over muligheiter for å evt gjera kommunen i stand til det.
2. Oversikt over bustadmassen med tanke på sal frå den eldste/dårlegaste enden, kjøpe meir «rette bustader» for framtidig behov.
3. Sak om status på innføring av digitale hjelpemiddel.
4. Demens: Oversikt over framtidig behov og utvikling innan demensomsorg. Oversikt over kompetanse på dei ulike gruppene demente. Synleggjere framtidig behov for dagplasser og ein plan for opptrapping av dagplasser.
5. Vegstandard – status for vegvedlikehald og etterslep på dette.

6. Barnevern – status overgang barn/vaksen, behov for treningsbustader sett i sammenheng med saken «ledige lokale» og bustadsosial handlingsplan.
7. Administrasjonen blir bedt om å arrangera synfaring til Sandnes legevakt for kommunestyret, før arbeidet med økonomiplanen starter i haust.